



DEN NORSKE KIRKE

Høyring - Regulering av styringstenesta og av tilhøvet mellom prestetenesta og soknerådet

Regulering av styringstenesta i Den norske kyrkja i kyrkjeordninga og av tilhøvet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet

I dette høyringsnotatet blir det presentert to saker som er oppfølging av tidlegare vedtak i Kyrkjemøtet i 2023 og 2024.

Den første saka gjeld forslag om ei ny paragraf i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Paragrafen vil stadfeste: a) kyrkjelege verv som ei eiga styringsteneste i kyrkja, og b) "samvirkeprinsippet", om kyrkjelege styringsorgan som eit samvirke mellom valde representantar for kyrkjelyden og tenesta med Ord og sakrament.

Den andre saka handlar om tilhøvet mellom prestetenesta og soknerådet, og inneheld forslag om å klargjere i tenesteordninga til prestane at dei er forplikta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset. Denne forpliktinga er innanfor ramma av dei gjeremåla som elles er fastsett for presten i tenesteordninga. I begge sakene er det lagt til grunn at regelendingane ikkje inneber realitetsendingar, men at dei klargjer gjeldande rett.

[LENKE TIL HØRINGSNOTATET]

Høyringsfristen er 6. desember 2024.

Høyringsuttaler er offentlege etter offentleglova jf. kirkeordningen § 42, og vil bli publisert på kyrkja.no.

Personvern

Ikkje skriv inn opplysningar som identifiserar enkeltpersoner. Dersom du er ein privatperson som sender inn høyringssvar, må du oppgi namn. Då blir høyringssvaret ditt rekna som samtykke til at namnet og høyringssvaret blir publisert på kyrkja.no jf. personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav a og artikkel 9 nr. 2 bokstav a.

"Engasjerande lesar"

Det er mogleg å bruke "Engasjerande lesar" i arbeidet med høyringssvara, som gjer det mogleg

både å forstørre og få lese opp tekst. Du finn denne funksjonen gjennom å trykke på dei tre prikkane øvst til høgre.

Praktisk informasjon

Skjemaet er delt opp i fleire sider. Du kan gå fram og attende i skjemaet viss du vil sjå kva du har svara eller gjere endringar. Du kan skrive ut ein kopi av svaret ditt etter at du har sendt inn.

Merk at svara ikkje blir lagra når skjemaet blir lukka utan at du har trykket på Send-knappen. Ein kan bruke arbeidsdokumentet [[LENKE TIL ARBEIDSDOKUMENT](#)] medan svarteksten blir utarbeidd.

Om innsendaren av høyringssvaret

1. Jeg svarer som: *

- ☐ Sokneråd
- ☐ Sokneråd med fellesrådsfunksjonar
- ☐ Fellesråd
- ☒ Bispedømmeråd
- ☐ Biskop
- ☐ Utdanningsinstitusjon
- ☐ Fagforeining
- ☐ Organisasjon
- ☐ Privatperson
- ☐ Annet

2. Namn (råd/organisasjon/privatperson) *

Tunsberg bispedømmeråd

3. Kontaktperson (dersom innsendar er råd eller organisasjon)

4. Bispedømetilhørigheit *

- ☐ Agder og Telemark
- ☐ Bjørgvin
- ☐ Borg
- ☐ Hamar
- ☐ Møre
- ☐ Nidaros
- ☐ Nord-Hålogaland
- ☐ Oslo
- ☐ Stavanger
- ☐ Sør-Hålogaland
- ☒ Tunsberg
- ☐ Ingen bispedømetilknytning

Regulering av styringstenesta

5. Støttar du/de forslaget om at ei føresegn om styringstenesta i kyrkja blir satt inn i kyrkjeordninga ? *

- ☒ Ja
- ☐ Nei
- ☐ Inga meining

6. Er du/de samd i den utforminga som føresegna har fått? *

- ☒ Ja
- ☐ Nei
- ☐ Inga meining

7. Merknadar

Dette er en naturlig følge av tidligere kirkemøtevedtak.

Tilhøvet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet

8. Støttar du/de forslaget om ei ny føresegn i § 2 i *tjenesteordning med kvalifikasjonskrav for menighetsprester*?

- ☒ Ja
- ☐ Nei
- ☐ Inga meining

9. Er du/de samd i den utforminga som føresegna har fått

- ☐ Ja
- ☒ Nei
- ☐ Inga meining

10. Merknadar

Tunsberg bispedømmeråd støtter forslaget til endring av § 2, men vil understreke at tjenesten med Ord og sakrament har et selvstendig ansvar og at vesentlige deler av prestens arbeid ikke

uten videre er underlagt menighetsrådets virksomhetsansvar.

Med det som utgangspunkt foreslår vi følgende ordlyd: "Presten er forpliktet på de planene og prioriteringene menighetsrådet fastsetter innenfor menighetsrådets myndighetsområde."

Videre støtter ikke Tunsberg bispedømmeråd endringen i § 10 da vi mener at det fortsatt er behov for en egen bestemmelse om sokneprestens koordinerings- og samordningsansvar siden en god del av prestens arbeid ikke uten videre er del av menighetsrådets ansvarsområde.

11. Har du/de andre merknadar til høyringa?

I forslaget til tillegg i § 37 i kirkeordningen understrekes samvirket mellom folkevalgte og tjenesten med ord og sakrament. I annet regelverk er det vedtatt at tjenesten med ord og sakrament må være tilstede dersom bispedømmerådet eller kirkerådet skal være beslutningsdyktig. Det bør utredes hvorvidt tilsvarende regler også bør gjelde for menighetsråd og fellesråd.



Dette innholdet opprettes av skjema-eieren. Data du sender inn blir sendt til skjema-eieren. Microsoft er ikke ansvarlig for personvernet eller sikkerhetspraksisene til kundene deres, inkludert de som eier dette skjemaet. Oppgi aldri passordet ditt.

Microsoft Forms | KI-genererte undersøkelser, tester og avstemninger enkelt [Opprett mitt eget skjema](#)

[Personvern og informasjonskapsler](#) | [Bruksvilkår](#)